



Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 - 2025

Bøverdalen - Lom - Garmo

84. årgang

Informasjon frå kyrkjene i Lom

Kyrkjeblad for Lom

KYRKJENE I LOM

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd

Per Morten Mork, tlf. 909 40 635
morkpermorten@gmail.com

Sokneprest

Margit Husevåg, tlf 478 99 763
margit.husevag@lom.kommune.no

Kyrkjevevjerje

Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær

Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar

Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194*
jonas.fjeld@lom.kommune.no
Ole Kristian Gråv, tlf. 400 62 194*
*Kontortelefon. Ikkje tilgjengeleg kveld/helg.

Organist

Rasim Ramazanov, 939 30 538
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar

Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta

Tlf. 481 65 529
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet

Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe:

Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjevevjerja

Utforming/sideoppsett:

Mediehuset Fjuken/OØR
Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as
Tlf. 61 27 73 50 magnus@dg-trykk.no



BLOMEFONDET

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- **Konto 2085 29 66107**
- **Vipps 533520**

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.

Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11:00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

I kyrkjeblad nr. 4 i 2017 stod historia om blomefondet vårt som feira 70 år same året. I mange år var det eit blomefond i kvart sokn, men då det eine fondet var omtrent tomt for midlar, vart dei samanslegne til eit fond frå 1. januar 2006. Slik er det framleis.

Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf 481 65 527 eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no



Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 15. april. 2025



Prestens tanker

I skrivende stund har sollyset kommet tilbake på prestgården i Lom. Uten å være klar over at det faktisk hadde et navn, har jeg nok vært i «solsvelta». For det var en dyp glede og en slags lettelse å oppleve sola skinne inn gjennom vinduene igjen.

Skjønnheten i bygda med de vakre fjellene omkring, får nå gradvis naturlig flombelysning på seg. Det er som om naturen roper til oss: Det gode kommer tilbake! Det vakre kommer tilbake! Det sanne kommer tilbake! Mist ikke håpet om det kjennes mørkt nå!

I verden, hvor vår tidligere verdensorden nå på mange måter blitt snudd på hodet av mektig umodenhet, kan det kjennes mørkt. Avtaler, løfter og bånd brytes, og det rammer uskyldige. Det er som alltid de svakeste som må bære virkningene av mektige menneskers ubarmhjertige valg. Det er både vondt og skremmende å være vitne til.

Og midt i dette misbrukes kristendommen. For det er en oppdiktet gud med liten g, man snakker om når de svake blir svakere og de mektige mektigere. En Gud med stor G, gjør ikke forskjell på folk! En Gud med stor G, er hjertevarm og raus og gir oss håp. Det er Ham vi vil møte i kirkene våre her i Lom.

Det har også kjentes mørkt i hverdagslivet i bygda vår, når en mektig sentralmakt vil bestemme over våre ungdommers liv. Vi har gjennom denne vinteren opplevd et sterkt felles engasjement for å sikre en videregående skole i Lom. Det har vært formidabelt, og toppet seg kanskje med russerevyen der mange av oss sammen fikk anledning til å felle noen forløsende tårer og le våre frigjørende skratt. Ungdommens frustrasjoner ble transformert til satirekunst med masse herlig energi. Det gir oss håp.

Om ting er uoversiktlige, om du verken ser hvor du er eller hvor du skal akkurat nå, så vil det gode, det vakre og det sanne alltid vende tilbake. Vårsola er et symbol på det. Det gjelder å holde ut i alle slags solsvelt-tider. Nye vårer kommer, år etter år. Nye dager kommer, dag etter dag.

Håp er noe felles, noe vi deler og kan bygge opp for hverandre. Men håp er også noe hver og en av oss kan kjenne, eller ikke kjenne, dypt i oss selv. Ofte har mangel på håp å gjøre med relasjoner til andre mennesker. Derfor er det så utrolig viktig hvordan vi behandler hverandre.

Hvis håp skal spres mellom oss, må vi møte hverandre med et blikk som er åpent, og som har et nysgjerrig lys i seg etter å se hvem den andre er. Ta imot den andres uttrykk slik det er. Ikke dømme. Ikke tro vi vet fra før.

Vi går påskehøytiden i møte. Den største høytiden i den kristne kirke. Vi går mot påskemorgens jubel og fest, men først må vi gjennom en bevegelse. Først inn i langfredagens mørke natt, med fortvilelse og sorg og tap. Det er som en nedadgående bevegelse.

Videre gjennom den stille lørdagen da vi ikke vet om det er livet eller døden som gjelder. Vi beveger oss nesten ikke. Så kommer påskedagen og oppstandelsen, da livet og kjærligheten seirer over døden.

Død blir til liv igjen. Vi beveger oss opp og tilbake til der vi var. Men vi er likevel ikke lenger helt den samme etter en slik liv – død – liv-bevegelse. Vi er forvandlet og fornyet. I møte med døden, i møte med mørket, ser vi livet og lyset klarere og dypere og med større glede enn vi gjorde før. Hvert år inviteres vi til å ta del i denne rituelle bevegelsen gjennom dagene i påsken, om vi går i kirka eller kanskje har en liten daglig stille stund på hytta, hjemme eller et annet sted disse dagene.

Mysteriet forblir mysterium. Kanskje blir vi ikke flinkere eller ikke engang klokere av dette. Men vi blir rikere på en dyp forståelse av livets bevegelse i oss og utenfor oss. Og vi får oppleve en reell glede over at lyset vender tilbake og gir liv.

Gledelig påske!



Redsle og glede



Våler nye kirke Foto Rasmus Norlander

Det er noko som bryt gjennom på påskedagen! Noko vi ikkje rår over. Noko vi ikkje kan kontrollere, eller rett forstå. «Kristus er oppstaden. Ja, han er sanneleg oppstaden!»

Kvinnene skunda seg bort frå grava, redde, men jublande glade», fortel Matteus, og dei sprang for å fortelje det til disiplane. Det er dette todelte av redsel og glede eg vil stanse litt ved. Det er jo dette som er verkeleg. Men ei ny verkelegheit bryt gjennom. Og den rørsle ho skapar, er også vår verkelegheit. Trua på oppstoda blir ei drivkraft til håp og kjærleik. Denne drivkrafta gjer at vi – midt i alt som er – faktisk kan tru på Guds kjærlege nærvær. Fordi det har brote gjennom, i Jesu oppstode.

I Jon Fosse sin trilogi, Septologien, fortel han om målaren Asle. Asle har måla eit bilete som forteljinga stadig vender attende til. Det er to strekar som kryssar kvarandre. Ei brun og ei lilla på eit kvitt, blankt lerret.

Det er eit kors. Eit skjeringspunkt. Og eg ser for meg korleis dette enkle korset bryt gjennom eit bilete som ville vore heilt tomt utan dei to strekane. Og i si meditative, gjentakande form, fabulerer forfattaren gjennom Asle om Gud som ikkje kan fattast. Som ikkje kan fangast i ord, for Gud er alltid ein annan enn dei namna vi gir han.

Men så synest han nettopp å kunne kjenne att Gud i eit slags «fråverande nærvær», som han kallar det. I Gud sitt fråvær anar han nærværet av Gud. Eller når han målar, ser han biletet som lys og mørke, og han seier: «alltid er det mørkeret i biletet som lyser mest, og eg tenkjer at det kanskje er av di at det er i fortvilninga, i mørkeret, at Gud er nærast, men korleis det lyset eg tydeleg nok målar, kom inn i biletet, nei ikkje veit eg, korleis det kjem til, nei, det skjønar eg ikkje...». I mørkeret anar han lyset. Og slik kunne vi halde fram: I det tomme anar vi fylde. I einsemda anar vi fellesskapet. Han prøver å nærme seg det inste biletet i seg sjølv – som er Gud. Sjølv om han er varsam med å bruke namnet Gud. Men mennesket er skapt i Guds bilete, og ber Guds bilete i seg.

Da Maria Magdalena og den andre Maria kom til grava var det framleis mørkt. Sorga var botnlaus. Fråværet uendeleg. Døden så endeleg. Alt dette kan vi forstå. Og tomleiken var ikkje berre ei indre kjensle – også grava var tom. Jesu kropp var borte.

Det er noko nytt som bryt gjennom på påskedagen. Aninga av Gud i fråværet, tomleiken, mørkeret og døden blir forankra i noko fast. Det blir forankra i Jesus Kristus sjølv. I korset. I hendinga. I evangeliet: Frykt ikkje: Kristus er oppstaden. Føter spring med bodskap om glede. Ei rørsle. Jesus synt seg for disiplane, og han syner seg for oss – som røyndom i vår røyndom. Som det kjærlege nærværet av Gud. Og som Gud sin nærverande kjærleik.

God påske!

Ole Kristian Bonden
Hamar biskop

Vil du vera omvisar i Lomskyrkja i sommar?

Omvisarane må kunne ta omvisingar på minimum norsk og engelsk. Opplæring blir gjeven. Dersom du i tillegg kan prate tysk, fransk eller eit anna relevant framandspråk i tillegg til norsk, er det fint, men ikkje naudsynt.

Arbeidsoppgåver:

Omvising, vakthald, reinhald og orden i kyrkja, og sal av billetter og informasjonsmateriell. Pliktig til å delta i opplæring og organiserte møte og kurs i tilsetjingsperioden.

Det vert lagt særleg vekt på god orden og høvisk framferd hjå dei som skal tilsetjast.

Tilsetjingsperiode 2025: 01.06 – 25.09 etter avtale.

Søknaden må innehalde opplysingar om perioden du ynskjer å arbeide, språkkunnskap og eventuelt ferieynskje.

Send søknad til kyrkjekontoret@lom.kommune.no eller besøk oss i 3. etasje i Lom kommune, Midtgard. Telefon **481 65 527**



Kyrjekontoret informerer

Kostnader ved gravferder

Vi får av og til spørsmål om det er råd for pårørande å syrgje for gravferder på eiga hand.

Kva er gratis?

Bruk av kyrkja, tenesta frå kyrkjetenar, organist, prest og taking av grav i den kommunen som den avlidne er folkeregistrert i, og dersom dersom avlidne er medlem i Den norske Kyrkja er gratis.

Kva kostar?

Kiste, transport, salmeark, annonsering, blomar og evt musikkinnslag utanom det organisten naturlegvis spelar under seremonien. Men salmebøker i kyrkja kan nyttast i staden for å trykkje program.

Båretransport har ein eigenandel på kr 2868,- (avgrensa til næraste naturlege gravstad, eller til næraste krematorium som er i Gjøvik.

Økonomisk støtte

For å få støtte til båretransport, må den avlidne ha vore medlem i Folketrygda ved dødstidspunktet, dødsfallet må ha funne stad i Noreg, og transporten må vera i Noreg. Eit anna vilkår, er at transportavstanden må vera meir enn 20 km.

Behovsprøvd støtte

Ein kan søke på behovsprøvd gravferdsstøtte etter gjeldande reglar frå NAV. Per i dag er summen ca kr 28 000,-

Pårørande kan sjølv velje kor mykje eller lite hjelp ein vil ha frå gravferdsbyrå. Kyrjekontor kan hjelpe med mykje. Ta gjerne kontakt dersom du treng rettleiing.



HEKTA!

Første helga i februar reiste konfirmantane i Lom og Skjåk på leir i Haakons hall på Lillehammer. Det er ungdomsorganisasjonen HEKTA som organiserer og driftar denne leiren som samlar om lag 700 konfirmantar frå Hamar bispedømme, og frå andre bispedømme i Norge helga etterpå.

Etter ein lang skuledag sette ungdomane seg på bussen på kyrkevollen, og avreisa til Lillehammer tok til. Etter innsjekk og kveldsmat i hallen, tok vi fatt på ein fottur opp til Lysgårdsbakkane der opninga i OL fann stad. Her var det storslått seremoni med musikk, talar, fakkeltenning og fyrverkeri. Etterpå var det kveldsshow med band frå scena i hallen før det vart leggetid. Både laurdag og sundag var det diverse aktivitetar ein kunne delta på rundt om i OL-anlegga med slalom, bob, aking, ballspel og anna. Laurdag var det òg ein stor globalmarknad der alle konfirmantgruppene på kreativt vis skulle samle inn pengar til organisasjonen "Hånd i hånd i Uganda". Dei driv med helsehjelp og undervisning. Sundag var det òg stor gudsteneste frå scena i hallen der mange prestar deltok.

Innimellom alt dette fekk konfirmantane mange timar undervisning, både frå den store scena og i mindre grupper leia av andre ungdomar. Her var òg gode høve til å bli kjend med nye folk frå både grannekommunane og lengre unna, og dette er kanskje det mest minnerike frå helga for mange.

Stor takk til frivillige foreldre som deltok, Ole Martin, Svein Arne og Ole Kristian. Utan foreldre som stiller opp får vi ikkje reist på tur.

Ole Kristian er ny kyrkjetenar i Lom

-Arbeidet som kyrkjetenar er både meningsfylt og variert. Dette trivst eg godt med, seier Ole Kristian Gråv.

Av Asta Brimi

Den nye kyrkjetenaren i Lom, Ole Kristian Gråv (50) kjem opphavelg frå Tretten, men gjorde lomvær av seg frå ein del år attende då han gifta seg med Margit og vart far til tvillingane Liv og Johan.

-Eg har bakgrunn frå landbruk og arbeid med jorda, og har no arbeidd i 11 år som landbruksvikar i Lom, fortel han.

Etter kvart kom ynskje om å prøve noko anna.

-Ein blir ikkje yngre med åra, og eg kjende på at eg kunne tenkt meg eit arbeid med meire regelmessig arbeidstid, seier han.

Som kyrkjetenar har Ole Kristian funne noko han trivst godt med.

-Her er ingen arbeidsdag lik, det er mykje tilrettelegging før kyrkjelege handlingar, men det er og arbeid som rydding og støvtørking. Ein er på ein måte både kyrkjeleg vaktmeister og hushjelp, smiler han.

Elles fortel han om mykje praktisk arbeid, til dømes før ei gravferd, med oppmåling, graving før og etter, samt ein del papirarbeid som fylgjer med.

-Eg arbeider som kyrkjetenar i 50% stilling og har avløysarjobb på to gardar i tillegg, fortel han.

Arbeidet som kyrkjetenar tykkjer Ole Kristian er svært meningsfylt, med menneskemøte i både sorg og glede.



-Slik kjenner ein at det ein gjer verkeleg betyr noko, avsluttar den nye kyrkjetenaren i Lom.

Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørken



– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel Winnie Milambo, her med dottera Tendai Mwela (åtte månader).

Takka vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørken på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygde over jorda og hakkar. Ansiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smil.

Dei andre kvinnene syng tilbake: «Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!».

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker.

I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra. Vi er i distriktet Gwembe, sør

i Zambia. Rett utanfor den irrgroene oasen er bakken brun og knusktørr. Dei fleste tre og planter er tørka inn. Elveleie og bekkar er utan vatn.

Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker, medan det normalt kan regne i fleire månader.

GRØNT UNDER TØRKA

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwewa frå ADRA, ein partnerorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.

Men kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit

borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho.

Dei som er med, kan òg selje grønnsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønslakhagar heime.

HAR FÅTT INNTEKT

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønslakhage heime, der ho har planta mais.

– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho. For inntektene har ho kjøpt to geiter.

– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.



Catherine Mweemba (63) og dei andre deltakarane er no i stand til å dyrke mat, sjølv om det er tørke. Dei har fått tilgang til vatn og har lært å dyrke ved hjelp av dryppirrigasjon.

Tørken i det sørlege Afrika

- Langvarig tørke i det sørlege Afrika har forårsaka den verste svoltkrisa i regionen på fleire tiår, ifølgje FNs matvareprogram (WFP).
- I Zambia er 12,2 millionar menneske råka av tørke.
- Kirkens Nødhjelp og partnerane våre driv fleire prosjekt med klimasmart landbruk i Zambia.
- I desse prosjekta har innbyggjarane fått auka

tilgang på vatn. Dei lærer å dyrke på ein måte som krev lite vatn, og som gjer at dei kan dyrke heile året, også gjennom tørke. Det gjev dei mat og inntekter.

Måndagseftan 7. april vil konfirmantane ta del i Fasteaksjonen som bøsseberarar, i Bøverdalen, Lom og Garmo. Konfirmantane i 2024 samla inn 26 604 kroner. Klarer årets konfirmantar å slå denne summen tru? Ta vel imot dei!

ENGEL OG SUPERHELT

Etter flere år som frivillig på telefon skulle Pia prøve seg som chatvakt. Det endte med utrykning i første samtalen.

– Jeg kjente jo pulsen steg, men det var ingen panikk, sier Pia Marie Steiner Georg.

Men historien starter ikke denne tirsdagskvelden. Den

starter et kvart århundre tidligere da Pia var 7-8 år gammel og hun oppdaget at moren var frivillig i Kirkens SOS.

– Jeg husker jeg var veldig stolt av henne. Tenk å ha en engel til mamma som stod opp midt på natta for å hjelpe andre, forteller Pia begeistret.



Forelsket

– Sånn vil jeg også bli, tenkte jeg, og det ble hun. I 2020 var det Pia sin tur til å bli frivillig, og møtet med Kirkens SOS innfridde.

– Jeg ble forelsket med en eneste gang, sier hun med entusiasme.

Hun merket det allerede i inntakssamtalen. Verdien, miljøet, folkene – det var godt å være her, og spørsmålene hun fikk var nærgående, gode, direkte og inngående.

– Det var tydelig at det var viktig for dem å bli kjent med meg og mine verdier i dybden. Jeg ble på

en måte «grillet» med varme. Det var utrolig kult. Inntrykket ble ikke dårligere da selve innføringskurset startet. Det ble kraftig forsterket.

– Ja, så til de grader! Det var et fantastisk kurs. Vi lærte å bruke oss selv som verktøy, lytte etter hva som skjedde i oss og vi lærte ved å føle og oppleve. Jeg opplevde også at de brydde seg om både oss og de som kontakter oss, på ekte – det var ikke bare fine ord og verdier på et papir, sier Pia.

Høye skuldre

Første prøvevakten husker hun godt.

– Jeg hadde veldig høye skuldre og jeg husker jeg nileste i samtaleboken på vei til vakt, sier hun, og ler litt av seg selv.

På vekten møtte hun en rolig og trygg fadder og skuldrene senket seg. De første samtaler gikk fint. Flaks, kaller hun det.

– Jeg fikk innringere som viste stor takknemlighet. Dessuten hadde jeg fantastiske faddere som gav meg mye trygghet uten å ta fra meg ansvaret. Å samtale med andre var ikke ukjent for Pia. Som spesialpedagog er det en del av hverdagen. Samtaler i Kirkens SOS ble likevel annerledes.

– I «det sivile» er jeg en del av en større sammenheng, og ansvaret kan være tungt med krav til dokumentasjon og å finne rett behandling og oppfølging. Hos Kirkens SOS kan jeg bare være i samtalen som et empatisk lyttende medmenneske, som ser, støtter og styrker. Jeg kjenner på dyp takknemlighet og ydmykhet overfor de utrolig modige menneskene som kontakter oss. Det er noe helt spesielt og gir verdifulle perspektiv som jeg tar med meg ellers i livet.

Visittkort

Denne vinteren har hun også startet med vakter på chat.

– Hvorfor jeg også ville være chat-vakt? Det var vel en form for grådighet på tjenesten, jeg vil være med mest mulig, sier hun og ler.

– Så handlet det også om å kunne hjelpe de yngste som oftere er på chat, og på den måten nå en bredere gruppe av innringere og innskrivere. Og den første vekten ble altså spesiell, den gikk rett inn i mørket. Meldingene på skjermen var ekte og selvmordsnære. Tid, sted, motiv og metode for et nærliggende ønsket selvmord ble presentert. *)

– Jeg prøvde å validere og anerkjenne en utrolig vanskelig situasjon, samtidig som jeg ba om litt tid til å få høre om det vanskelige, forteller Pia. Tid fikk hun ikke. Samtalen ble kort og plutselig var personen borte. Men før han «la på» var det lagt igjen tydelige spor, til og med fullt navn.

– Noe må ha gjort at han valgte å skrive til oss, og legge igjen denne informasjonen. Jeg tolket det som et tydelig rop om hjelp, men at han ikke var klar for å snakke om det vonde.

Blålys

Pia og faddervakt bestemte seg for å kontakte AMK-sentralen der mannen bodde. De responderte fort og rykket ut til innskriverens adresse.

– Det var en nydelig AMK-ansatt jeg snakket med. Han tok så godt imot oss og var imponert over tjenesten til Kirkens SOS. Han ba meg hilse og si vi gjør en fantastisk innsats, og han uttrykte

også medfølelse med at vi måtte leve i uvitenhet etter samtaler som denne.

For hvordan historien endte, vet ikke Pia. Det er en del av livet ved å være frivillig i Kirkens SOS.

– Jeg har ro for at vi ikke vet. Jeg trenger bare vite at vi gjorde det vi kunne. Etter en del erfaring som frivillig har jeg virkelig tatt til meg holdningen om at skulle «det verste skje», så var den som kontaktet oss iallfall ikke alene rett før det var sluttet. Og da vil jeg heller være den som var der, enn at vedkommende skulle være helt alene i det bunnløse mørket.

Knekke koder

Men tankene kan komme snikende likevel. «Kunne jeg skrevet noe annerledes? Var det noe jeg gjorde feil?»

– Det kan godt hende jeg kunne gjort noe annerledes, men det vet jeg ikke. Akkurat denne gangen holder jeg fast i at han var trygg nok til å ta kontakt og be om hjelp, sier hun.

Behovet for å vite at samtalen ble god eller at det endte godt kan også handle om den frivilliges eget behov for å vite at man er til hjelp.

– Ja, jeg har jo veldig lyst til å «knekke koden» i enhver samtale, å stille spørsmålet som gjør at samtalen tar en god og forløsende vending. Å åpne en dør til livet for den som ringer eller skriver inn. Det er fantastisk når jeg finner den nøkkelen og det skjer, forteller hun.

Samtalens kraft

Men det er ikke alle samtaler som er slik. Det er heller ikke alle samtaler der innringers opplevelse av hjelp samsvarer med hjelperens følelser. Det har Pia lært seg å leve med.

– Jeg har jobbet, og jobber, mye med akkurat det. Noen samtaler kan fremstå som «overfladiske» eller hverdagslige i øynene til oss frivillige, men vi må ha dyp respekt for «brevsprekkperspektivet» som vi kaller det – for vi ser bare en liten del av livene deres, og vi aner ikke hva disse samtaler betyr for dem. Kanskje er det praten om TV-programmet som holder dem gående til neste dag. Det er ikke alle som har behov for å komme seg videre akkurat nå, men samtalen kan være et viktig sted på veien likevel, sier Pia.

– Jeg finner trygghet og støtte i troen på den gode samtalens kraft. Og etter flere år som frivillig vet jeg hvor magisk den kan være. Jeg er evig takknemlig for å få lov til å være frivillig i Kirkens SOS, sier Pia.

* alle som kontakter Kirkens SOS er anonyme. Historien som her er gjengitt er reell, men endret noe for å ikke være utleverende og mulig å identifisere. Innskriver er omtalt som «han» for å tydeligere skille med hun som brukes for Pia.

Eit meisterverk!





Preikestolen i Garmo kyrkje

–Eit meisterverk! Dette sa biskop Kristian Schjelderup om preikestolen som Reidar Nyrnes hadde laga til Garmoskyrkja. Det er mange som har tenkt som biskopen, at denne preikestolen er eit meisterverk!

Omvøling av kyrkja

Den nye Garmoskyrkja vart innvigd 1879. Vel 40 år seinare ynskte ein å gjennomføre ei restaurering, - eller omvøling av kyrkja. Prost Lorenz Smith skreiv ein søknad til departementet. Der karakteriserte han Garmoskyrkja som «en av disse kolde, åndsforlatte, uskjønne låvebygninger ... som sattes opp som kirker.» Målet for restaureringa var å få kyrkja varmare, og dessutan pynte og gjera ho vakrare.

Preikestolen

Reidar fekk oppgåva med treskjerjing for å utsmykke kyrkja. I boka om «Garmo kyrkje og sokn» står det: «I byrjinga av 1940-åra laga Reidar Nyrnes prydning – preikestol, baldakin, ljoskrone og lampettar - særskild til kyrkja.» Som ein forstår laga han fleire ting, men største verket var preikestolen. Arnfinn Engen meinte nok at dette var det beste Reidar har gjort, for han skreiv: «Hovudarbeidet til Reidar Nyrnes er skurden på preikestolen i Garmokyrkja.»

Det vert sagt om Reidar at han var rask til å skjera. Men det gjekk ikkje utover kvaliteten. Ivar Flatum sa: «... arbeida til Reidar Nyrnes i Garmo kyrkje, [står] etter mi meining i ei særklasse når det gjeld arbeid i akantustradisjon i dalen.»

Da Reidar skulle i gang med preikestolen, tok han nok utgangspunkt i den gamle som stod i kyrkja. Men han bygde den om noko. Heile preikestolen og eine sidevangen på trappa opp til preikestolen vart dekte med skurd, og ingen av felta er nøyaktig like. Han teikna og skar ulikt mønster til kvart felt. Likevel harmonerer dei godt i hop. Over preikestolen er det himling med duve som Reidar laga. Himlingen ser nærast ut som ei krone med dei utskorne blada i krans rundt. Preikestolen og krona utgjer ein heilskap og bind desse saman.

I byrjinga var sjølv preikestolen under skurden trekvit. Det gjorde at treskjerjinga ikkje kom så godt fram. I 1966 tok Reidar sjølv av skurden. Så vart stolen måla blå, og Reidar monterte på att treskurden. Dette framstår i dag som ei god løysing.

Vi har fått med oss Tore Sveen som fagmann til å seie litt om skurden til Reidar. Han fortel at Reidar kopierte ikkje tidlegare dyktige treskjerarar. Han skapa stilen sin sjølv. Han var ein meister i å teikne fine mønster. Skurden hans er luftig, - eller meir open enn tradisjonen. Dessutan har han ikkje så djupe skulper eller drag. Det brettar seg hit og dit. Dette skapar fint liv, god rytme og eleganse.



Felt 1



Felt 2



Felt 3



Felt 4




Tore fortel at ein gong Reidar kom inn i kyrkja, sa han: «Ser døkk ha' vaska!» Meir vart ikkje sagt. Men den ubehandla tynne skurden toler ikkje vatn, seier Tore. Her er det forsiktig støvsuging med mjuk kost som må til. Elles kan det gå utover skurden, - mellom anna kan den spreke.

Folk kjem for å sjå preikestolen

Det er mange som har blitt fasinert av skurden til Reidar. Frå Hjerleid kjem det jamleg lærarar med elevar og kursdeltakarar som vil studere kunsten hans. - Torstein Garmo fortel om ei oppleving han har hatt. For fleire år sidan, da han var formann i soknerådet, fekk han tidleg ein søndag morgon ein telefon. Det var ein trønder som var lærar på ein handverksskule. Han spurde om det var mogleg å koma inn i kyrkja. Dei var ei gruppe som hadde vore på utstilling på Hjerleid. No ville dei så gjerne sjå treskurden til Reidar Nyrnes i Garmoskyrkja. Torstein låste opp kyrkja og slapp dei inn. Han var førebudd på å ta ei omvising. Men, nei! Dei gjekk rett fram til preikestolen, og der vart dei ståande. Dei stod lenge og beundra skurden. Da dei gjekk att, sa denne læraren:

- Eg har reist mykje og sett mangt, men maken til denne preikestolen til Reidar Nyrnes har eg ikkje sett!



Tore Sveen kom med tips om at tusenkunstnaren Jens Torkveen hadde teikna eit av feltet i preikestolen. Tore og kyrkjelydssekretæren bad seg sjølve til Sigrun og Jens for å ta bilete av denne teikninga. Som ein kan skjønne av den flotte teikninga, er Jens også ein framifrå utøvar i treskjærarkunsten. Noko vi og fekk sjå av ting han hadde laga.



Øvst til venstre: Detalj frå under stolen. Øvst til høgre: Stetten til preikestolen. Nedst til venstre: hjørna. Nedst til høgre: Trappa opp til stolen. Midten: Kona med duve.

Intervju med Reidar Nyrnes

I Gudbrandsdølen stod det i 1983 eit intervju med Reidar. Der fortalte han at han begynte å teikne og skjera i tre da han gjekk i folkeskulen. Samstundes likte han å lesa om kunsthåndverk. Han vart oppdaga av Per Haugen frå Vågå. Reidar fekk vera med til Ringebu fylkesskule der Per var lærar. Der vart Reidar i fleire år og lærte mykje om treskurd. Seinare gjekk han på smedlina på Hjerleid. Så begynte han på handverkslærarskulen på Sem i Asker. Vi har funne ut at han gjekk ut ved den skulen med beste eksamensresultat som nokon gong hadde vore gjeve! Etter to år i Asker reiste han heim

til Lom. Men det var krig og ikkje så enkelt å få seg arbeid i skulen, - i sær når han ikkje hadde den haldninga som passa okkupasjonsmakta, sa Reidar i intervjuet. Da nytta han tida til treskjering. Det var på denne tida han laga skurden til preikestolen og andre tinga til Garmoskyrkja.

I intervjuet sa Reidar:

– Kunsthåndverk vil aldri gå av moten. Folk har hatt sansen for det vakre heilt frå urtida...Auga må og hava sitt!

Anne Sulheim - Lom heimbygdslag



Sole, G. «Garmo kyrkje og sokn», s. 16.

«Garmo kyrkje og sokn» s. 54.

Baldakin, krone, himling, Ijodhimmel er ulike ord for tak over preikestol.

Engen, A. «Treskurd og treskjerarar i Gudbrandsdalen» Lokalhistorisk forlag 1998


Årbok for Gudbrandsdalen 2008. I artikkelen står dette om R. Nyrnes, men den er fyrst og fremst om arbeidet til Per Haugen i Skåbu kyrkje. I sitatet var og P. Haugen nemnd.

Asker og Bærumsbudstikke 2. sept. 1940


Fritt sitat etter O. Aukrust «Emne».




Barnas



LABYRINT
Hjelp Maria
å finne
vegen til
grava.



FARGELEGG bildet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

Δכב 7לזזכק לזכז

כזז Δל כזכז

Det mystiske agentalfabetet:

η]zΔα71h27yΓεζο

A B C D E F G H I J K L M N O

ΛϐγζλφΔγδςςγ<

P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å



Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Har du høyrte om han som søv så tungt at senga knekte?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Søndagsskolen - mer enn du tror

Orientering om vigsel i Lom kyrkjekommune

Dette er korleis vi organiserer vigsel i kyrkjene våre:

Datoar for vigsel vert lagt ut ca. april året før, på nettside, facebook og kyrkjeblad nr. 1.

Ta kontakt med kyrjekontoret for å høyre kva som er ledig.

Fram til 1. oktober vil datoane vera reserverte for brurepar med bustadadresse i Lom eller tilknytning til Lom (Føresette med bustadadresse i Lom).

Har vi ledige tidspunkt etter dette vil vi opne for brurepar utan adresse eller tilknytning.

Vi ynskjer å nytte tidspunkta 11:00, 13:00 og 15:00 for vigsel. Men tidspunkt kan verte endra sentralt grunna tilgang til prest. Om dette vert endra, skjer dette rundt nyttår.

Sjå meir informasjon på heimesida til kyrkja på www.lom.kommune.no

Datoar for vigsel i kyrkjene i Lom 2026

16. mai	11:00	13:00	15:00
23. mai Kun i Lom			15:00
30. mai Kun i Garmo			15:00
06. juni Kun i Bøverdalen			15:00
20. juni	11:00	13:00	15:00
27. juni	11:00	13:00	15:00
4. juli	11:00	13:00	15:00
01. august	11:00	13:00	15:00
22. august	11:00	13:00	15:00
12. september	11:00	13:00	15:00

Konfirmantar i Lom 2025

Konfirmantar Lom kyrkje, laurdag 24. mai kl. 12:00

Syver Angard
 Elisabeth Bårdseng
 Kaisa Ingeborg Dagsgard-Marstein
 Vemund Fjerdingsren Garmo
 Johan Gråv
 Liv Gråv
 Mads Bjørnstad Kolden
 Nikolas Andre Krokum
 Ask Kveen Brockmann
 Erna Sofie Mork
 Ingrid Renate Plassen
 Ludvig Sætre Rossehaug
 Marius Skaansar
 Magnus Skjåkødegård
 Petter Sperstad
 Brage Høiberg Stenersen
 Einar Moshagen Vole

Konfirmantar i Garmo kyrkje, laurdag 31. mai kl. 12:00

Ane Bjørgen
 Emrik Fjeld
 Amanda Lyngved
 Eline Randen Slettom
 Oda Sætrom Steinehaugen

Konfirmantar Bøverdalen kyrkje, laurdag 07. juni kl. 12:00

Mathias Skamsdalen Olsen
 Stian Husom Røhr
 Emilie Stenersen
 Heidrun Sulheim

Konfirmantjubileet 2025

Etter ynskje frå jubilantar dei siste åra, har vi frå i fjor samla jubileet til berre ein dag. I år vert det jubileumsmesse laurdag 16. august 2025 klokka 14:00. I fjor vart det ikkje nokon komité, berre kyrkjekaffe etter messa. Dette fekk vi gode attendemeldingar på, og tenkjer å gjera det på same måten nå i år. Om nokon vil laga ein komité, og organisere festkveld for alle årskulla, er det berre å ta

kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 481 65 528 eller e-post kyrkjekontoret@lom.kommune.no før påske. Det kyrkjekontoret kan hjelpe til med er adresser til alle, og sende ut invitasjonane.

Dette gjeld kulla som vart konfirmert i Bøverdalen/Lom/Garmo kyrkje i 1945, 1955, 1965 og 1975.

Bøverdalen kyrkje

07. oktober 1945

02. oktober 1955

27. juni 1965

25. mai 1975

Garmo kyrkje

23. september 1945

09. oktober 1955

20. juni 1965

01. juni 1975

Lom kyrkje

30. september 1945

25. september 1955

13. juni 1965

08. juni 1975

Gravferdshjelpe Lom og Skjåk

Gravferdshjelpe ynskjer å gje
**TILLIT - OMSORG -
TRYGGLEIK**

Eg kan hjelpe dykk med
alt vedrørande gravferder
og kremasjon.

Anne Sperstad
mob. 95 72 36 71



Ottadalen Mølle
Alltid der for deg



STOKK & STEIN

2686 Lom Tlf. 90860858 www.stokkstein.no

Påska i kyrkjene 2025

Palmesundag 13. april kl. 11.00 i Bøverdalen kyrkje

Palmesundag 13. april kl. 19.00 i Garmo kyrkje

Skjærtorsdag 17. april Kl. 11:00 i Bøverdalen kyrkje

Langfredag 18. april kl. 11:00 i Garmo kyrkje

Påskenattsmesse 19. april kl. 23:00 i Lom kyrkje

1. påskedag 20. april kl. 11:00 i Lom kyrkje



Kyrkjebladet og vidare finansiering

Vi er takksame for alle gaver vi får til kyrkjebladet, men frå og med 2024 må vi delfinansiere produksjonen med annonseinntekter.

Vi har fått auka produksjonspris det siste året som fylgje av overgang til postdistribusjon. Dessutan er ikkje Lomsnytt ein del av bladet lenger, og vi får ikkje hjelp av Lom kommune til å setje opp bladet. Av den grunn kjem vi til å kjøpe denne tenesta frå Mediehuset Fjuken.

Vi vonar de vil ta vel imot bladet sjølv om det kjem med annonsar.

Heim og ætt

Døypte:

Lom:

08.03 Magnus Kvålshagen
09.03 Vemund Olsen-Teigen
09.03 Kristian Madssveen-Graffer
09.03 Mari Fagernes Mork



Jordfesta:

Garmo:

15.11 Randi Byrøygard f. 1948
03.12 Amund Bjørgen f. 1941
31.12 Kari Laingen Richardsen f. 1948
03.01 Marit Vestad f. 1953
10.01 Synnøve Byrøygard f. 1947
14.01 Eldri Ødegård f. 1954
05.02 Maria Brimi f. 1934
19.03 Margit Myrhaug f. 1933



Lom:

11.12 Svein Rune Laingen f. 1953
13.12 Signe Øyjordet f. 1932
31.01 Karen Johanne Gutubø f. 1930
14.03 Kåre T. Kvålshagen f. 1939

Bøverdalen:

20.12 Per Bakkeberg f. 1944
03.01 Eldbjørg Sigrun Storlien f. 1943
21.03 Gudmund Odden f. 1925



Vigde:

Lom:

08.03 Emma Byre Forberg og Frank Kvålshagen

Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i Lom kommune. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.


Dugnadar våren -25

Rakedugnadar:

Lom måndag 5. mai kl. 17
Garmo Torsdag 8. mai kl. 17
Bøverdalen måndag 12. mai kl. 17

Plantedugnadar:

Lom måndag 2. juni kl. 12-18
Garmo onsdag 4. juni kl. 14-18
Bøverdalen torsdag 5. juni kl. 14-18





Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Sundag 06. april

GARMO KYRKJE kl. 11:00.

Sundag 13. april

Palmesundag

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Sundag 13. april

Palmesundag

GARMO KYRKJE kl. 19:00. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Torsdag 17. april

Skjærtorsdag

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.

Fredag 18. april

Langfredag

GARMO KYRKJE kl. 11:00.

Laurdag 19. april

Påskeaftan

LOM KYRKJE kl. 23:00. Fellesmesse.

Sundag 20. april

1. påskedag

LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med dåp.

Sundag 11. mai

LOM KYRKJE kl. 11:00. Samtalemesse. Offer til Rådet for psykisk helse.

Laurdag 17. mai

Grunnlovssdag

LOM KYRKJE Tidspunkt kjem i annonsen vår i Fjuken, og på heimesida. Offer til Redd Barna.

Laurdag 24. mai

LOM KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Laurdag 31. mai

GARMO KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Laurdag 07. juni

BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 08. juni

1. pinsedag

LOM KYRKJE kl. 11:00.

Sundag 22. juni

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til Flykningehjelpa.



Scan QR-koda med mobilen for å få messeplanen!

